



GODE FORHOLD: Full fart ved første veksling.

FOTO: TORE MYRSTAD

Sol og jubel på Lye

1300 elever i frå jær-skulen var samla til stafett i går.

SKULESTAFETT: - Mykje kjekkare å vera ute enn inne, spesielt når det er så fint vær.

Jentene i frå Rosseland skule snakkar i munnen til kvarandre. Det at dei likar å ha ein dag ute, kjem klart fram og jubelen sitt laust.

- Det er 100 prosent gildt, roper Bothild Marie Vigrestad for full hals.

Sjølv om dei fleste jentene ikkje fekk topplasseringa, er ikkje det nokon nedtur. Akkurat slik som arrangør

Knut Sirevåg ynskjer at det skal vera.

- Hovudmålet er at flest mogleg televar skal vera fysisk aktive denne dagen og det finnes ingen grenser på kor fort eller seint du spring. Det viktigaste er at alle er med og deltek.

Det er sjuande eller åttande gongen at stafetten blir arrangert på Lye, og Knut Sirevåg meiner det er naturleg, sidan det beste friidrettsanlegget på Jæren ligg der. Sjølv med 1300 elever så gjekk organiseringa fint, og det er klart at det ikkje er fyrste gongen arrangørane

har hatt ansvaret for eit så stort arrangement. Beskjeder ljomar ut over idrettsarenaen, og elevane skunder seg for å gjera seg klare ved startstreken.

Stafetten er sponsa av Tine, og har blitt arrangert rundt i heile Noreg sidan 1993. I år så var det 106.020 påmeldte deltakarar og det gjer det til verdas største stafettarrangement. Skulane stillar med lag med ti deltakarar på kvart lag, åtte løparar og to i reserve. Skulen har moglegheit til å stilla med så mange lag dei vil.

I år så tok skulane i Time kommune storeslem og vann alle aldersklassane.

6. trinn: Bryne Skule

7. trinn: Rosseland Skule

8. trinn: Bryne Ungdomsskule

9. trinn: Frøyland Ungdomsskule

Tore Myrstad



SJÅ VIDEO
JBL.NO